



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

(MØTEBOK)

FELLESRÅDSSAKER

Tilstades medlemmer: Anna Marit Storemark, Tone Sævi, Vivian Rognsvåg, Solrunn Gullaksen og Rune Minde.

Varamedlemmer: Turid Moldøen og Ingard Kåre Kahrs.

Kommunal representant: Silje Sulen Gullaksen.

Frå kyrkjekontoret: *Evvy Beate Uthaug – sekretær.*

Saksoversikt: F 15/21 – 19/21

F 15/21	GODKJENNING AV INNKALLINGA OG REFERATET FRÅ 22.06.2021
Vedlegg	Møteboka frå 22.06.2021 Innkallinga til møtet 21.09.2021
Vedtak:	Referat godkjent utan merknader.

F 16/21	ORIENTERINGSSAK OM NY KYRKJELEG ORGANISERING
	<p><u>Bakgrunn:</u> Høyringsdokumenta for ny kyrkjeleg organisering – det såkalla Müller-Nilssen utvalet si utgreiing – er no ute til høyring. Høyringsfristen er 1. desember 2021.</p> <p>Ny trussamfunnslov (erstatta kyrkjelova) og politisk semje i det såkalla kyrkjeforliket, har ført til at kyrkja no er blitt herre i eige hus og er som organisasjon no løyst frå staten og kan organisera verksemda si slik ein sjølv bestemmer. Prestane vil framleis vera lønna via statleg tilskot og alle andre via kommunalt tilskot. Kommunane står for 2/3 av inntektsgrunnlaget for kyrkja si drift (som også inkluderer gravplassdrifta). Finanseringsmodellen vil halda fram som før uavhengig av framtidig organisasjonsmodell. Dette har Kyrkjemøtet gjort vedtak om. Slik kyrkja er drifta no har vi 2 arbeidsgjevarlinjer: Prestane er tilsett av bispedømeråda og har desse som sin arbeidsgjevar. Alle andre er tilsett i sokna og har desse som arbeidsgjevar via fellestråda.</p>



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyllrkja

Kyrkjemøtet og dei tilsette sine organisasjonar har lenge hatt eit ønskje om at kyrkja skal organiserast i 1 arbeidsgjevarlinje og ikkje 2 som i dag. Ein er av den oppfatninga at 2 arbeidsgjevarlinjer til tider kan virka forvirrande og kan skapa grobotn for konflikhtar. Eit anna argument som ofte går igjen er at 2 arbeidsgjevarlinjer virkar tungrodd og er unødvendig byråkratisk. Difor ønskjer ein 1 arbeidsgjevarline i ein ny måte å organisera kyrkja på, der målsetjinga er å få ein slankare administrasjon og meir ressursar til kyrkjelydsbyggjande arbeid.

Kyrkjemøtet har på denne bakgrunnen bestemt at det skal greiast ut om prostiet kan vera ei passende eining for å drifta kyrkja si verksemd. Difor har begrepet «prostifellesråd» dukka opp. Det er dette mandatet det såkalla Müller-Nilsen utvalet har fått i oppdrag å greia ut og det er det denne høyringa sokna er utfordra til å svara på handlar om.

Dette er ei mogeleg omorganisering som kan få store konsekvensar – og kanskje mest merkbart i dei minste sokna. For at flest mogeleg skal engasjera seg i dette er det lagt opp til informasjonsmøter i kvart prosti. For vårt prosti skal dette vera 22. september. Dette vil vera eit møte som samlar prestane, kyrkjevevjerene og leiar og nestleiar i sokneråda.

At arbeidsgjevaransvaret vert lagt til ei større eining, kan vera ein fordel. Små einingar kan slita med kompetansen i slike spørsmål. På den andre sida er små einingar tett på problemstillingane som dukkar opp og vilje og evne til problemløysing kan gjerne vera vel så bra ut frå eit lite kontor enn eit stort.

Ei vesentleg utfordring vil vera den kommunale representasjonen i eit prostifellesråd. I reglane for drift av kyrkja si verksemd (den såkalla kyrkjeordninga), som også byggjer på den nye trussamfunnslova, seier at kommunen kan ha oppnemnt 1 representant med vara i såkalla fellesrådssaker. Dette er saker som omhandlar budsjett, økonomi, vedlikehald, tilsetjingar og gravplassdrift. Denne representasjonen er viktig for å oppretthalda samarbeidet mellom kommunen og kyrkja lokalt. Korleis den kommunale representasjonen skal sjå ut i eit nytt prostifellesråd er pr i dag ei uløyst gåte. Eit anna og like viktig poeng er korleis administrasjonen i eit sentralt «prostikontor» skal pleia kontakten med alle kommunane i prostiet. Dette vil vera mest utfordrande i forhold til dei minste kommunane. Skal dette fungera må det utviklast gode strategiar for å pleia slike kontaktar. Det vil vera avgjereande for lokalkyrkja si finansiering at den einskilde kommune framleis kjenner seg forplikta til å støtta opp om si/sine kyrkjer.



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

	<p>Eit nytt fellesråd på prostiplan vil etter ein slik modell overta alle oppgåvene som dei noverande fellesråda har. Sokneråda vil bli verande igjen uansett, men vil ikkje ha såkalla fellesrådssaker. Eit avgjerande spørsmål som heng i lufta vil då vera kva ein set igjen med lokalt, i dei minste sokna.</p> <p>Det vil sannsynlegvis ikkje vera mogeleg at alle kommunane er representert i eit slik storfellesråd. Kva vil dette ha å seia for dynamikken i Nordhordland prosti? Alver vil ha over 80 % av folketallet/medlemstallet i prostiet. Vil dei minste sokna mista si påvirkning og sjølvstende i ein slik organisasjon? Vil dette igjen ha noko å bety for kommunane sin motivasjon og forståing for å finansiera si lokale kyrkje?</p> <p>Det er grunn til å anta at kyrkjene lokalt bør ha kyrkjekontor som ligg i geografisk nærleik til sokna. Rett og slett fordi nærleiken til folk og til kva som skjer i sokna ikkje er uvesentleg. Arbeidsfordelinga og ikkje minst oppgåvefordelinga mellom eit lokalkontor og eit prostikontor vert då viktig å finna ut av.</p> <p>Det vil vera uheldig om eit lokalkontor vert tappa for oppgåver i eit omfang som gjer det uinteressant å arbeida der.</p> <p>På den andre sida vil eit sentalt kontor med fordel kunna overta ein del oppgåver som no ligg til eit lokalkontor.</p> <p>Eit siste spørsmål som ein bør dvela ved, er om nyorganiseringa paradoksalt nok kan føra til meir byråkrati og ikkje mindre.</p> <p>Framdriftsplan:</p> <ul style="list-style-type: none">• Informasjonsmøte i prostiet 22. september.• Ny handsaming av Fedje sokn si høyring på neste soknerådsmøte – som vert eit ekstramøte onsdag 3. november.• Kyrkjevevja sender inn Fedje sokn sitt høyringssvar innan fristen 1. desember 2021. <p><i>Framlegg til vedtak:</i> <i>Saka vert lagt fram til orientering utan framlegg til vedtak.</i></p>
--	---

F 17/21	UTVIDING AV SEKRETÆRSTILLINGA VED KYRKJEKONTORET
	<p><u>Bakgrunn:</u> Evy Beate Uthaug arbeider no i ei 55% stilling ved kyrkjekontora på Fedje og Austrheim. Det er Fedje sokn som eig denne stillinga. Evy er leigd ut i 20% stilling til Austrheim sokn, der ho utfører sekretæroppgåver for soknet der. Fedje sokn sender 1 gong i året refusjonskrav på desse prosentane til Austrheim. Leif Arne Økland er</p>



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

	<p>utleigd som kyrkjevevje til Fedje i 20% frå Austrheim Sokn. Refusjonskravet på desse prosentane går motsett veg.</p> <p>Tidlegare kyrkjetenar og reinhaldar hadde 37% stilling då han slutta. Stillingsprosenten var definert slik og stamma frå ei tid der det var fleire gudstenester og kyrkjelege handlingar. For å kompensera for ein stillingsprosent som etterkvart var litt for romsleg, gjorde kyrkjevevja ein avtale med tidlegare kyrkjetenar om at han skulle ha vaktmeisteroppgåver i og rundt kyrkja. Dette gjald også slått av gravplassen rundt kyrkja.</p> <p>Når vi no er i ferd med å tilsetja ny kyrkjetenar og reinhaldar, så er stillingsprosenten redusert frå 37 % til 25%. Dermed samsvarar prosentene betre i forhold til dei faktiske oppgåvene.</p> <p>Erfaringar vi har gjort oss er at krava til ein tilfredsstillande administrasjon av kyrkjekontoret – som også inkluderer oppgåver som gravplassmyndigheit – er for liten innanfor ei ramme på 35%. (55% minus 20%). Difor foreslår vi ein auke i sekretærstillinga med 10%. Dermed ivaretek vi vår tilsette sekretær på ein betre måte og vil gjera ho istand til å utføra ei aukande oppgåvemengde på ein meir tilfredsstillande måte.</p> <p><i>Framlegg til vedtak:</i> <i>Evy Beate Uthaug får utvida si stilling som sekretær ved kyrkjekontoret på Fedje frå 55 til 65%. Utvidinga skjer med verknad frå 1 .juli 2021.</i></p>
Vedtak:	Evy Beate Uthaug får utvida si stilling som sekretær ved kyrkjekontoret på Fedje frå 55 til 65%. Utvidinga skjer med verknad frå 1 .juli 2021.

F 18/21	TILSETJING KYRKJETENAR OG REINHOLDAR
	<p><u>Bakgrunn:</u> Viola Knieriem søkte på stillinga då vi lyste den ut for andre gong. Viola er fødd i 1963 og bur på Austrheim. Ho er opprinneleg frå Tyskland og har sin bakgrunn frå den evangelisk lutherske kyrkja der. Ho er utøvande kunstnar og er knytt opp til Kunsthuset i Austrheim. Ho har ingen direkte erfaring som kyrkjetenar og reinhaldar frå før, men har likevel ei uttalt interesse for å bidra til at kyrkja skal framstå som innbydande for dei som kjem til gudstenester, gravferder og andre arrangement i kyrkja. Viola har no registrert seg som medlem i den Norske Kyrkja.</p>



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

	<p>I forståing med soknerådsleiar, har kyrkjeverja nytta seg av sin rett til å tilsetja midlertidig, med atterhald om soknerådet si godkjenning. Difor er Viola Knieriem tilsett med verknad frå 12. august, same dato som arbeidsavtalen vart underskriven.</p> <p>Det er kyrkjeverja si vurdering at vi her får ei vaksen dame med stor vilje til å læra seg rutineane for dei oppgåvene som ligg til denne kombinerte stillinga. Som utøvande kunstnar har ho også sans for det estetiske, noko som er ein fordel i ei slik stilling. Ho har kunna starta opp umiddelbart, sidan ho utover si kunstnarverksemd, ikkje har noko anna arbeid med oppseiingstid.</p> <p>Eit anna moment er at hennar ektefelle, som no er i ferd med å pensjonera seg frå si stilling som ingeniør i Eqvinor, vert med henne som ubetalt assistent og medhjelpar. Kyrkjeverja tilrår med dette at Viola Knieriem vert tilsett formelt av soknerådet i dette møtet.</p> <p><i>Framlegg til vedtak:</i> <i>Viola Knieriem f. 06.07.63 vert tilsett i fast stilling som kyrkjetenar og reinhaldar i 25 % stilling med verknad frå 12.august 2021. Det er lagt inn ei prøvetid på 6 månader. Viola Knieriem vert løna etter tariff i stillingskodane 5139 (kyrkjetenar) og 5149 (reinhaldar) og etter oppsett arbeidsavtale.</i></p>
Vedtak:	Viola Knieriem f. 06.07.63 vert tilsett i fast stilling som kyrkjetenar og reinhaldar i 25 % stilling med verknad frå 12.august 2021. Det er lagt inn ei prøvetid på 6 månader. Viola Knieriem vert løna etter tariff i stillingskodane 5139 (kyrkjetenar) og 5149 (reinhaldar) og etter oppsett arbeidsavtale.

F 19/21	GODKJENNING AV REKNESKAPANE FOR 2016 - 2020
	<p><u>Bakgrunn:</u> Omsider er vi no i mål med rekneskapane for åra 2016 – 2020. Dette har vore eit maratonløp, med mykje ekstra arbeid og ikkje minst til ein betydeleg kostnad.</p> <p>Vi var til slutt komen i ein situasjon der kommunen sitt økonomikontor hverken kunne eller ville slutføra dette arbeidet. Dette skuldast rot og manglande oppfølging frå kyrkjekontoret si side i utgangspunktet. Likevel hadde denne situasjonen vart så lenge at alle partar her var komen i eit uføre ein ikkje kom seg ut av. Dette er i seg sjølv kritikkverdige. Og ein kan i etterkant undra seg over at dette gjekk så langt som det gjorde.</p> <p>Evj har arbeidd tett med Aider for å skanna og klargjera kvart enkelt bilag som ikkje hadde blitt ført og som bokstavleg talt låg i plastposar.</p>



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

Vi har også mangla bilag for utbetalingar som har blitt gjort og har måtta gå tilbake til leverandørar for å få gjenpart av bilag som har forsvunne. Alt dette har vore eit omfattande arbeid. Det var også mykje ekstrarbeid på lønsføringa tilbake til 2017/2018. Ut frå dei opplysningane kyrkjevevja har fått skuldast dette at kommunen bytte lønssystem og at dette var grunnen til at det vart eit avvik på kva som vart utbetalt og kva som vart ført. Så langt kyrkjevevja har fått det forklart stemmer no føringane med dei faktiske lønsutbetalingane.

No er det Aider som fører rekneskap og løn for Fedje Sokn. Til å begynna med var det berre rekneskaps og faktureringstenester som Aider skulle ha ansvar for. Dette skjedde etter ønskje frå kommunen, som av ein eller annan grunn ikkje ønskte å gje slepp på lønnskøyringa. Kommunen ombestemte seg på dette punktet og dermed vart også lønnskøyringa overtatt av Aider.

Her kjem ei oversikt driftsresultata for kvart år sidan 2016:

- 2016: Mindreforbruk: kr. 96.846,00
- 2017: Mindreforbruk: kr. 18.819,51
- 2018: Mindreforbruk: kr. 125.141,00
- 2019: Meirforbruk: kr. 16.236,00
- 2020: Meirforbruk: kr. 157.173,00

Når alle desse summene er rekna opp mot ein annan kjem ein ut med eit samla mindreforbruk på kr. 67.397,51.

Det er på ingen måte uventa at vi i 2019 og 2020 har hatt eit meirforbruk. Meirforbruket i 2020 skuldast ekstrakostnader som har gått til Aider for å rekapitulera dei gamle rekneskapane. Det vil koma ekstrakostnader til Aider i 2021 også, av samme grunn. Slutføringa av dette arbeidet vart ikkje ferdig før etter sommarferien. Likevel var ikkje omfanget av dette arbeidet like stort som i 2020. At vi fekk eit lite meirforbruk i 2019, skuldast i hovudsak overgangen for kyrkjevevjestillinga. Ingrid Nilsen overlappa som kyrkjevevje samstundes som Leif Arne Økland vart leigd inn frå Austrheim Sokn i samme posisjon. Årsakene til mindreforbruk i perioden 2016 – 2018 har ikkje kyrkjevevja kjennskap til.

Framlegg til vedtak:

Fedje sokneråd godkjenner, med atterhald av revisjonen si endelege godkjenning, rekneskapane for åra 2016 – 2020 slik dei no ligg føre. Godkjenninga skjer med følgjande plassering av driftsmidlane:



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

	<ul style="list-style-type: none">• 2016: Mindreforbruk drift kr. 96.846,00 – vert overført til ubunde driftsfond.• 2017: Mindreforbruk drift kr. 18.819,51 – vert overført til ubunde driftsfond.• 2018: Mindreforbruk drift kr. 125.141,00 – vert overført til ubunde driftsfond.• 2019: Meirforbruk drift kr. 16.236,00 – vert overført frå ubunde driftsfond.• 2020: Meirforbruk drift kr. 157.173,00 – vert overført frå ubunde driftsfond.
Vedtak:	<p>Fedje sokneråd godkjenner, med atterhald av revisjonen si endelege godkjenning, rekneskapane for åra 2016 – 2020 slik dei no ligg føre. Godkjenninga skjer med følgjande plassering av driftsmidlane:</p> <ul style="list-style-type: none">• 2016: Mindreforbruk drift kr. 96.846,00 – vert overført til ubunde driftsfond.• 2017: Mindreforbruk drift kr. 18.819,51 – vert overført til ubunde driftsfond.• 2018: Mindreforbruk drift kr. 125.141,00 – vert overført til ubunde driftsfond.• 2019: Meirforbruk drift kr. 16.236,00 – vert overført frå ubunde driftsfond.• 2020: Meirforbruk drift kr. 157.173,00 – vert overført frå ubunde driftsfond.

(MØTEBOK)

SOKNERÅDSSAKER

Tilstades (medlemmer): Anna Marit Storemark, Tone Sævi, Vivian Rognsvåg, Solrunn Gullaksen og Rune Minde.

Varamedlemmer: Turid Moldøen og Ingard Kåre Kahrs.

Frå kyrkjekontoret: *Evj Beate Uthaug – sekretær.*



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

Saksoversikt: S 17/21 – S 21/21

S 17/21	GODKJENNING AV INNKALLING OG REFERATET FRÅ 04.05.2021
Vedlegg: Referat og innkalling	Møteboka frå 22.06.2021 Innkallinga til møtet 21.09.2021
Vedtak:	Referat godkjent utan merknader.

S 18/21	ORIENTERING
	<ul style="list-style-type: none">• Kyrkja sin 80 års dag – festgudsteneste og kyrkjekaffi

S 19/21	KLOKKARTENESTA
	<p><u>Bakgrunn:</u> Det er behov for å drøfta klokkartenesta. Det er ønskjeleg at Evy kan ha fleire personar tilgjengeleg for å setja opp ein «turnus» for dei som har klokkarteneste. Soknerådet drøftar saka.</p> <p><u>Framlegg til vedtak:</u> <i>Saka vert drøfta i møtet.</i></p>
Vedtak:	<p><u>Sagt i møtet:</u></p> <p>I siste utgåve av Kvardag & Helg var det eit innlegg som omhandla klokkartenesta, og i von om at nokon melder si interesse, avventes det med å kontakta konkrete personar. Målet er at det er minimum 4 klokkara i «turnus» frå 2022.</p>

S 20/21	ANSVAR FOR VARME I KYRKJA OG KLOKKERINGING VED DØDSFALL
	<p><u>Bakgrunn:</u> Det er behov for å drøfta rutiner, særskilt når det oppstår dødsfall på Fedje. Etter tradisjonen vert det ringt med kyrkjeklokkene i 5 minutt kl. 12.00, første virkedag etter at dødsfallet har inntruffe. Det er kyrkjetenar som har ansvar for å ringja med kyrkjeklokkene. I vår dialog med vår nye kyrkjetenar, har vi tenkt at det kan vera lite tenleg at kyrkjetenar kjem ut eins ærend frå Austrheim for å ringja med kyrkjeklokkene i 5 minutt for så å reisa tilbake igjen. Er det smidigare måtar å løysa dette på?</p>



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

	<p>Eit anna moment kan vera dette med påskruing av varme. Det kan vera situasjonar der det er meir formålstenleg at andre enn kyrkjetenar skur på varmen i kyrkja. Dette bør vi også drøfta.</p> <p><u>Framlegg til vedtak:</u> <i>Saka vert lagt fram til drøfting utan vedtak.</i></p>
Vedtak:	<p><u>Sagt i møtet:</u></p> <p><u>Klokkeringing:</u> Evy Beate Uthaug utfører klokkeringing når ho er på Fedje. Ved behov har følgande sagt seg villig til å ringja: Kåre Berge, Anna Marit Storemark og Hans Erik Waage.</p> <p><u>Ansvar for varme i kyrkja:</u> Kan evt. vaskerutiner kombinerast med påskruing av varme? Kyrkjeverje oppretter dialog med kyrkjetenar. Kan det vera ei oppgåve for klokkaren?</p>

S 21/21	MØTEPLAN HAUSTEN 2021
	<p><u>Framlegg til vedtak:</u></p> <p><i>AU:</i></p> <ul style="list-style-type: none">• 05. november <p><i>Soknerådet:</i></p> <ul style="list-style-type: none">• 21. september• 03. november (ekstra møte høyring kyrkjeleg organisering)• 30. november
Vedtak:	<p>AU:</p> <ul style="list-style-type: none">• 05. november <p>Soknerådet:</p> <ul style="list-style-type: none">• 21. september• 03. november (ekstra møte høyring kyrkjeleg organisering)• 30. november